

STUDENTAR MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE INFORMASJON FOR TILSETTE VED UIB



Illustrasjonsfoto: www.colourbox.no



Målet med dette informasjonsheftet er at det skal vere eit enkelt hjelpemiddel for undervisningspersonalet. Dersom du står overfor noko som du er usikker på og ikkje veit heilt korleis du skal takle, er det viktig å ta kontakt med vedkomande student eller med oss som arbeider ved Tenester for studentar med funksjonsnedsetjing. Telefonnummer og e-post adresse står på siste side. I tillegg er det kontaktpersonar for studentar med funksjonsnedsetjing ved kvart fakultet.

Innhald

Aktuelle planar og lovverk	4
Studentar med nedsett funksjonsevne	6
Studentar med synshemming	8
Studentar med hørselshemming	11
Studentar med spesifikke lese- og skrivevanskar (dysleksi)	14
Studentar med rørslehemming	16
Studentar med skjulte funksjonsnedsetjingar	18
Nyttig informasjon	20

Aktuelle planar og lovverk

Strategisk plan for UiB seier noko om viktige mål for universitetet i perioden 2011-2015, medan Diskriminerings- og tilgjengelova, som tredde i kraft 01.01. 2009, seier noko om kva slags plikter lærestadar innanfor høgare utdanning har overfor studentar med nedsett funksjonsevne.

I følgje utkast til "Strategisk plan for UiB 2011-2015" har UiB som mål at:

- universell utforming skal vere eit leiande prinsipp i utviklinga av studentane sitt læringsmiljø.
- digitale og teknologiske hjelpemiddel i undervisninga skal nyttast og vidareutviklast i tråd med pedagogiske omsyn og allmenne forventingar

Handlingsplan for studentar med funksjonsnedsetjing 2007-2011 har som mål at UiB skal vere tilgjengeleg for alle. Utforming av læringsmiljøet ved UiB etter prinsippet om universell utforming, slik at flest mogleg blir inkludert i ordinære løysingar for alle studentar, er ein viktig strategi for å oppnå dette målet.

I følgje Diskriminerings- og tilgjengelova har UiB ei plikt til universell utforming og individuell tilrettelegging for studentar med nedsett funksjonsevne.

I følge lova skal:

Skole- og utdanningsinstitusjon foreta rimelig individuell tilrettelegging av lærested og undervisning for sikre at elever og studenter med nedsatt funksjonsevne får likeverdige opplærings- og utdanningsmuligheter.

Med dette er det fastslått at UiB har ei plikt til universell utforming og individuell tilrettelegging for studentar med nedsett funksjonsevne.



Illustrasjonsfoto: www.colourbox.no

Studentar med nedsett funksjonsevne

Universitetet i Bergen har ikkje noko nøyaktig tal på studentar med nedsett funksjonsevne ved vårt universitet, men det er om lag 500 som søker om tilrettelegging til eksamen kvart semester. Ein del av desse har behov for tilrettelegging av studiesituasjonen sin òg. Studentar med nedsett funksjonsevne er fordelte på alle fakultet og fag.

Mange studentar har ei funksjonsnedsetjing som er usynleg. Studentar som ser friske og spreke ut kan ha store fysiske problem. Andre kan ha psykiske problem. Ved UiB finst det mellom anna diabetikarar, reumatikarar, astmatikarar og mange andre som har plager som gjer dei delvis studieuføre i periodar. Funksjonsnedsetjinga fører til at mange av desse studentane må bruke lengre tid på studiane enn det som er normert.

Det er vanleg med ei inndeling av studentar med funksjonsnedsetjing i fem grupper for å gjere det meir oversiktleg. Men innanfor desse gruppene vil det vere store individuelle skilnader, både med omsyn til grad av funksjonsnedsetjing og kva slags problem den einkilde møter.

- Synshemma (blinde og svaksynte)
- Hørselshemma (døve og tunghørte)
- Dyslektikarar (spesifikke lese- og skrivevanskar)
- Rørslehemma
- Skjulte funksjonsnedsetjingar (t.d. psykiske problem, astma, adhd)



Illustrasjonsfoto: www.colourbox.no

Studentar med synshemming

Studentar med synshemming har ofte ei utfordring når det gjeld å orientere seg i sine omgjevnadar og å fungere i ein pedagogisk situasjon med omsyn til det visuelle. Det er difor naudsynt å tilrettelegge omgjevnadane og dei visuelle sidene ved undervisninga, slik at synshemma får ei reell moglegheit til å studere på lik line med andre studentar.

Tilgang til studielitteratur

- Blinde- og svaksynte studentar har rett til å få produsert obligatorisk pensum ved Norsk lyd - og blindeskriftbibliotek (NLB). NLB har ei viss produksjons- og leveringstid. Difor er det svært viktig at pensumlistene er klare så tidleg som mogeleg. Endring av pensum vil dermed medføre eit problem. Det er viktig å drøfte valfritt pensum med studenten så tidleg som mogeleg.
- Studiemateriell i elektronisk format vil vere til stor hjelp for synshemma studentar. Dei kan då bruke forstøringsprogram, punktleselist, talesyntese, skjermlesar eller liknande for å lese. Materiell i papirutgåve kan skannast og overførast til elektronisk format.

Førelesingar

Tavlebruk/transparentar

- Det er viktig med gode kontrastar ved tavlebruk
- Tavlebelysning kan vere ein fordel
- Sei kva du skriv og peikar på
- Transparentar bør det takast ein papirkopi av, slik at studenten kan få den lest eller diktert. Dette bør helst skje i forkant av førelesinga.. Det beste vil vere dersom transparentar og eller manuskript blir tilgjengelege på Mi Side før førelesing
- Podcasting av førelesingar vil vere ein stor fordel for synshemma. Dei vil då ha moglegheit for å repetere førelesinga og ikkje vere avhengige av å notere under førelesinga.

Utlevering av materiell

- Dette bør helst leverast ut til synshemma før førelesinga. Alternativt kan det lesast opp.
- Notat eller manus vil vere eit godt tilbod til synshemma
- Elektronisk format er ein fordel

Opptak/notat frå førelesinga

- Blinde og svaksynte har ofte behov for å ta opp førelesingar på diktafon fordi dei har vanskar med å notere raskt nok.
- Studentar som noterar på PC må sitje nær straumuttak.

Informasjon

- Papiroppslag er vanskeleg tilgjengeleg for synshemma. Denne type informasjon bør derfor gjevast munnleg eller eventuelt på e-post.
- Viktig informasjon bør leggest ut på Mi Side

Lesesalplass

- Synshemma studentar har ofte datautstyr og kan difor ikkje nytte ein vanleg lesesalplass. Det er ein fordel for desse å få tildelt ein kontorplass. Dette kan tenestar for studentar med funksjonsnedsetjing hjelpe til med.

Førarhund

- Viss studenten har førarhund, må den sjåast på som eit hjelpemiddel for studenten



Illustrasjonsfoto: www.colourbox.no

Studentar med hørselshemming

Ei utfordring for studentar med hørselstap er gjerne kommunikasjons-situasjonane. Difor er det viktig å tilrettelegge kommunikasjonsarenaer som studentane møter som førelesingar, kollokvium, lab og eksamen.

Det er stor variasjon i grad av hørselshemming frå person til person. Nokre er heilt døve og er avhengige av teiknspråktolk medan andre bruker høyreapparat og tekniske hjelpemiddel. Dei fleste hørselshemma nyttar munnnavlesing og tale.

Førelesingar

- Undervisinga bør skje i auditorium med teleslyngeanlegg/ infraraudtanlegg. Mange auditorium ved UiB har slik anlegg. Det finst også bærbare teleslyngeanlegg. Sjå eige avsnitt for meir informasjon.
- Det er viktig å gjenta spørsmål frå medstudentar



Illustrasjonsfoto: www.colourbox.no

1) Munnavlesing vert lettare dersom du:

- snakkar med ansiktet retta mot auditoriet/studentane
- snakkar roleg og tydeleg utan å overdrive
- har godt lys på ansiktet

2) Faktorar som gjer det vanskeleg å munnavlese:

- dunkel belysning
- vandring i lokalet
- skjegg eller handa framfor munnen
- tyggegummi/pastillar

3) FM-utstyr

- Einskilde sterkt hørselshemma studentar har FM-utstyr i tillegg til høyreapparat. I så tilfelle kan forelesaren bli bedt om å bere ein liten trådløs mikrofon. Dermed unngår studenten bakgrunnsstøy. Lyden går direkte til studenten sitt høyreapparat

4) Teiknspråktolk

- Det er viktig med ei god plassering i rommet dersom studenten brukar teiknspråktolk (helst langt framme)
- Tolken simultanoverset til teiknspråk. Studenten må sjå på tolken og kan difor ikkje notere samstundes
- Dersom det er mørkt i lokalet ved lysbilete-/filmframvising, kan ikkje studenten sjå tolken og missar på den måten munnleg informasjon

- Dersom ein ønskjer å seie noko til den hørselshemma studenten, bør ein rette seg til studenten og ikkje tolken
- Tolkane ønskjer ofte å førebu seg i forkant av førelesinga. Dersom det er mogleg, er det ønskeleg med kopi av transparentar eller notat på førehand. Tolkane ønskjer ofte også å lese gjennom pensumlitteraturen i forkant av førelesinga. Tolkane bør få tilgong til emna på Mi Side

5) Notat

- Dersom studenten ikkje kan ta notat på grunn av at han/ho har tolk, vil det vere ein fordel med kopi av medstudentar sine notat. Det beste vil vere å få kopi av førelesaren sitt manuskript/notat.

Teleslyngeanlegg

- Teleslyngeanlegg er eit teknisk anlegg som fungerer som ein taleforsterkar. Den som snakkar har ein mikrofon på seg. Studenten kan høyre forelesaren si stemme direkte i øyret gjennom høyreapparatet.
- Det infraraude anlegget fungerer også som ein taleforsterkar. Førelesaren brukar mikrofon medan studenten har ei snor som blir lagd rundt halsen. Snora fungerer som ei antenne som overfører lyd til studenten sitt eige høyreapparat med "mini- teleslynge".
- Oversikt over kva slags rom som er utstyrt med teleslynger og infraraude anlegg finn de her: <http://www.uib.no/utdanning/artikler/2008/12/Oversikt-over-teleslyngeutstyr-IR-anlegg-ved-UiB>

Studentar med spesifikke lese- og skrivevanskar (dysleksi)

Studiesituasjonen kan vere ekstra krevjande for studentar med spesifikke lese- og skrivevanskar. Utdanningssystemet legg stor vekt på lese- og skriveferdigheiter, noko som medfører at studentane er meir avhengig av tilrettelegging for å kunne fullføre ei utdanning.

Førelesingar

Studentar med dysleksi kan ha problem med å ta notat samstundes som dei skal lytte. Dei vil difor ofte ha nytte av:

- å få utlevert skriftlege definisjonar av nye og sentrale omgrep
- å skrive av viktige poeng frå tavle/transparent
- små pausar som gir høve til å notere
- at transparentar og eller manuskript blir tilgjengelege på Mi Side før førelesing
- podcasting av førelesingar, slik at dei slepp å ta notat under førelesinga

Bruk av PC ved skrivning/redigering av førelesingsnotat vil vere til stor nytte for mange. Andre kan ha nytte av opptak av førelesingar.

Pensum

- Mange studentar med dysleksi har problem med framandspråkleg litteratur. I tilfelle det eksisterar alternativ litteratur på norsk bør dei informerast om dette

- Det kan vere ein fordel for dyslektikarar å nytte lydbasert innhaldsformidling. Dei har høve til å låne pensumlitteratur frå Norsk Lyd - og blindeskriftsbibliotek. På grunn av bestillingstid er det viktig at pensumlistene er tilgjengelege på eit tidleg tidspunkt
- Litteratur i elektronisk format er eit godt hjelpemiddel for lesehemma
- Alternative måtar å jobbe med pensum på kan vere til hjelp. Gruppearbeid er eit godt alternativ

Skriftleg arbeid

- Skrivetrening er viktig for dyslektikarar. Men mange av dei synest det er vanskeleg å delta i grupper/oppgåvekurs når det betyr at dei må eksponere sine skrivevanskar for medstudentane. Alternative måtar å løyse dette på kan vere individuell rettleiing eller å etablere egne grupper for dyslektikarar
- Studentar med dysleksi kan ha nytte av hjelp til planlegging og strukturering av skriftleg arbeid
- Det er viktig at studentane vert informerte om at dei kan nytte lese- og skrivestøtteprogram (Textpilot) som finst ved fakultetsbiblioteka
- Dyslektikarar kan søkje Hjelpemiddelsentralen i det fylket dei tilhøyrer om lese- og skrivestøtteprogram (t.d. Textpilot, Lingdys osv.)

Studentar med rørslehemming

Førelesingar

1) Undervisingsrom/Auditorium

- Det er viktig at undervisingslokala er godt tilgjengelege
- Einskilde studentar kan ha behov for tilpassa plass i auditorium

2) Notat

- Dersom studenten har problem med å notere under førelesinga, vil det vere nyttig med:
- opptak av førelesinga. Kopi av notat til medstudentar er eit alternativ.
- tilgjengeleggjering av transparentar og eller manuskript på Mi Side før førelesing
- podcasting av førelesingar

Tilgjenge

- Det må vere fri passasje i korridorar og gangvegar
- Rullestolbrukarar har førsteprioritet ved bruk av heis

Lesesalplass/kontor

- Ein del rørslehemma studentar har behov for tilpassa lesesalplass



Illustrasjonsfoto: www.colourbox.no

Studentar med skjulte funksjonsnedsetjingar

Desse studentane har ulike typar funksjonsnedsetjingar og dermed svært ulike tilretteleggingsbehov.

- Studentane ser heilt friske ut
- Nokre brukar medisinar som verkar sløvande
- Astmatikarar/allergikarar har særskilde krav til reint miljø
- Nokre kan vere plaga av slappheit/trøytteleik
- Studentar med AD/HD har problem med organisering/strukturering og konsentrasjon
- Studentar med Aspergers syndrom har organisatoriske og sosiale vanskar

Førelesingar

Mange vil ha nytte av:

- opptak av førelesingar
- bruk av PC ved skrivning/redigering av førelesingsnotat
- at transparentar og eller manuskript blir tilgjengelege på Mi Side før førelesing
- podcasting av førelesingar


Dersom studenten har angst for å bli spurt eller leggje fram stoff i samband med gruppeundervisning, bør forelesaren/gruppleiaren ta omsyn til dette.

Pensum

- lydbøker kan vere til nytte for nokre av desse

Andre tilretteleggingstiltak som kan vere aktuelle

- fast lesesalplass
- hjelp til å lage eit realistisk semesterplan/vekeplan
- bruk av elektroniske hjelpemiddel



Illustrasjonsfoto : www.colourbox.no

Kontaktpersonar

Alle fakultet har oppnemnt ein kontaktperson for studentar med funksjonsnedsetjing. For oversikt over desse sjå våre nettsider

<http://www.uib.no/utdanning/kontakt/kontaktinformasjon-for-studenter-med-funksjonsnedsettelse>

Tenester for studentar med funksjonsnedsetjing

Følgjande personar er tilsette der:

- **Iren Igesund (seniorkonsulent)**

Telefon.: 55 58 94 83 E-post: iren.igesund@adm.uib.no

- **Siglinde Svare (seniorkonsulent)**

Telefon: 55 58 29 52 E-post: siglinde.svare@adm.uib.no

For ytterlegare informasjon sjå våre nettsider

<http://www.uib.no/utdanning/om-aa-studere/informasjon-til-nye-studenter/praktisk-informasjon/studenter-med-funksjonsnedsettelse>